Kanskje litt for amerikansk?

MUSIKAL

«The Trail to Oregon!»
Studentersamfundet i Trondhjem, Sitatet
Av: Jeff Blim, Matt Lang og Nick Lang (StarKid Productions)
Omsett av: Bendik Johansen og Dennis B. Eliassen
Regi: Dennis B. Eliassen
Scenografi: Serina Augusta Bryne
Kostyme: Anne-Marit Bildøe Imset og Mia Marshall Jonassen
Kapellmeister: Andreas Klavenes Berg
Orkester: Andreas Klavenes Berg, Anders Daltveit Melve, Andreas T. Christensen, Andreas Skagen, Henrik Horpedal, Jon Andersen og Mattias A. Pedersen-Estrada
Med: Studentersamfundets Interne Teater – Emilio Lombarado, Martine Wergeland, Viktoria A. Lunde, Eirun Asting-Kjesbu, Mia Johnsen og Stine Elene Hole

HURRA!: Det går alltid bra til slutt, og dei når endeleg Oregon. (Frå venstre Emilio Lombardo, Stine Elene Hole, Viktoria A. Lunde, Martine Wergeland, Eirun Asting-Kjesbu og Mia Johnsen.) **FOTO. SAMFUNDET.NO**

Om ein spelar teater som skal parodiere noko, er det ein stor fordel å kjenne det som blir parodiert. Her ligg hovudproblemet til denne musikalen.

Frå nybyggjartida i Sambandsstatane er «The Oregon Trail» blitt eit omgrep for frontier-ruta som gjekk frå Midt-Vesten og ut til territoriet Oregon som i 1859 blei den 33. delstaten i USA. På 1970-talet blei det i pedagogisk samanheng utvikla eit video- og dataspel for å lære åttandeklassingar om livet til pionerane på midten av 1800-talet. Spelaren skulle vere leiar for eit vogntog med settlarar på vegen frå Independence, Missouri og til Willamette Valley i Oregon i 1848. Spelet blei særs populært, og opp gjennom åra har det kome eit utal versjonar og oppdateringar, men dei siste tjue åra er det nok gått litt ut på dato. I 2014 laga StarKid Productions ein musikal som rein parodi på dette dataspelet. Den er blitt eit YouTube-fenomen, og nå har Studentersamfundets Interne Teater (SIT) vald å sette den opp som musikal på samfundets nye biscene, Sitatet, under UKA-25.

Når ein skal lage parodi på noko, er det ein føresetnad at publikum er fortruleg med det som blir parodiert. For å forstå ironien og humoren må ein kjenne metaforane, referansane og samanhengen. Då NRK i 1980 sende såpeoperaparodien «Soap» (som i norsk omsetjing hadde det meiningslause namnet «Forviklingar»), var det tre år før den første verkelege såpeserien («Dynastiet») blei vist. Norske sjåarar hadde difor ingen referansar, forstod ikkje ironien og såg serien berre som rein underhaldning. Slik blir det også med «The Trail to Oregon» der eg vil tru dei fleste knapt har høyrd om dataspelet som blir parodiert. Då blir det i staden berre ei absurd, overspela og tidvis ganske komisk musikal med eit innhald som slit med å stå på eigne bein.

Om ein har litt kjennskap til amerikansk sjølvforståing, den patriotiske og idylliserande haldninga til nybyggjartida, som var ei rein kolonisering, og til den amerikanske draumen om å bli vellukka og først og fremst rik, ja då kan ein sjølvsagt likevel finne referansar og ting å more seg over i denne oppsetjinga. Og om du likar crazykomikk, metateater og ei naivistisk form for Monty Python-humor, vil du også kunne finne eitt og anna å gle deg over. Eg må likevel vedgå at eg har vondt for å forstå kva SIT har tenkt ved å velje akkurat denne musikalen. Men det har dei altså gjort, og då må ein forhalde seg til det.

UNDERVEGS: Ein umake familie på veg mot lykka, – eller? **FOTO. SAMFUNDET.NO**

Vi følgjer ein familie på fem, ein bestefar, mor, far, 17-årig dotter og sjuårig son, på deira ferd til Oregon, som blir sett på som eit «land of milk and honey». På vegen skjer det litt av kvart, som i alle slike frontierforteljingar, eller helteepos som dei i røynda er. Ein svindlar prakkar på dei ei dårleg vogn, og ein endå verre okse. Dei mistar vogna, dottera blir utsett for brurerov, sonen har skusla bort matreservane, og mykje går gale. Men som i alle slike epos, rir dei han av, og det er ikkje amerikansk om det ikkje, etter alt det vanskelege, går bra til slutt. Og vel så det. Historia har haugevis av metalag og kommenterer ofte seg sjølv. Eit billeg publikumsfrieri er at dei fem i familien ikkje har namn, men må få det av publikum. Det blir sjølvsagt ikkje heilt vanlege namn. Og ved slutten skal eitt av familiemedlemmane døy, og kven det er, blir avgjort ved publikumsavstemming. Slik kan finalen bli litt endra frå dag til dag. Og nokre synest sjølvsagt at det er hysterisk artig at tre av dei (på premieren) blei heitande Kent Ranum, Waldorf salat og Fantorangen.

Bendik Johansen og Dennis B. Eliassen har omsett originalteksten til eit godt og munnleg norsk. Sjølvsagt har dei mista mange ordspel og referansar, men dei har greidd å få til ein del kompensasjonar. Dennis B. Eliassen har regien, men for den som har sett originalen på YouTube, er SIT si oppsetjing nærast som ein rein appropriasjon og utan andre store regigrep enn at sceneskifta blir utført synleg, og ganske forstyrrande. Til og med kostyma er nærast som reine kopiar av originalen. Scenografien er litt annleis, men er ikkje spesielt vellukka fordi han krev for mykje synleg flytting.

Eit solid orkester på sju personar sit godt synleg på scena og leverer fine akkompagnement, men lydnivået deira var stundom i høgaste laget til å få med seg kva dei seks på scena sa og song. Musikken er ikkje spesielt melodiøs, med unnatak av nokre nummer, og difor vanskelege å synge. Sjølv om eg veit frå tidlegare oppsetjingar at fleire av aktørane er meir enn habile songarar, var ikkje songprestasjonane alltid like gode. Men i formidlinga og spelet gjer dei seks skodespelarane stort sett gode tolkingar. Ettersom dei må fylle fleire roller, er det mange og raske sceneskift som går overraskande bra. Dei spelar med stor intensitet og mykje energi, og dei greier i hovudsak å halde det naudsynte overspelet på eit akkurat passe nivå. Og dei fekk formidla mykje god situasjonskomikk der timing er viktig. Slik kom dei alle langt betre frå oppgåva enn det dei særs vanskeleg rammene skulle tilseie. Og om eg skal trekkje fram ein av dei, må det vere den einaste som ikkje var blant dei fem familiemedlemmane, men som spela okse, lurendreiar, banditt og meir til. Stine Elene Hole, som eg tidlegare berre har sett i «Den Innbilt Syke» tidlegare i vår, fekk nytte hele registeret sitt med utsøkt mimikk og kroppsleg spel. Som nyfødt bøffel gjorde ho maksimalt ut av nummeret, og faktisk betre og langt meir enn originalen.

MANGE ROLLER: Stine Elene Hole fekk gjennom eit utal roller synt eit stort register, særleg med godt fysisk spel og fin mimikk. **FOTO. SAMFUNDET.NO**

This entry was posted on søndag, oktober 5th, 2025 at 1:01 pm and is filed under Teater. You can follow any responses to this entry through the RSS 2.0 feed. You can leave a response, or trackback from your own site.

Leave a Reply

Name (required)

Mail (will not be published) (required)

Website

Submit Comment